
Bok om norsk rutebilhistorie i 2008

Mai 2008 gir SKALD forlag ut den første boka som tar for seg rutebilen si rolle i norsk samferdslehistorie på nasjonalt nivå. Dette året er det hundre år sidan den første kommersielle bilruta blei oppretta (Molde–Batnsfjordsøra), ei rute vi kan følge heilt fram til i dag. I 1908 blei det også oppretta bilruter på Stavanger-kanten og i Telemark.

:: Bokideen er utvikla i dialog med Bjørn Falck Russenes i Rutebilhistorisk Forening. Historikar Gaute Losnegård er forfattar av verket som blir rikt illustrert med historiske og nye foto – mange av dei nye blei tatt under veteranbusstreffet i Halden 2006.

SKALD forlag legg stor vekt på å laga bøker av høg grafisk kvalitet, og vi har knytta til oss designerar på svært høgt nivå. Vår intensjon er å lage eit praktverk i stort format på ca. 250 sider. Forholdet mellom tekst og foto blir ca 50–50. Heile boka blir i trykt i fargar. Vi kalkulerer med ein utsalpris på kr 395.

Boka tar for seg rutebilhistoria gjennom kapitla:

1. *Forhistoria. Tida før 1908*
2. *Pionertid. 1908–1920*
3. *Rutebilen finn sin plass. 1920–1939*
4. *Tid for knott. 1939–1945*
5. *Folket tar bussen 1945–1960*
6. *Stagnasjon og subsidiar 1960–1985*

Vi håpar også på få inn ein del historier og anekdotar frå hundre års rutebil drift som kan vera med på å krydre boka. Medlemmer av Rutebilhistorisk Forening må gjerne sende slikt stoff til forlaget – utan at vi kan garantere at det blir med i boka.

Det blir gitt meir informasjon om boka i tidskriftet *Rutebil* seinare.



Med helsing
Lars Nes



SKALD forlag, pb 61, 6861 Leikanger,
e-post:forlag@skald.no, www.skald.no